



ÅRSRAPPORT 2013

1. Innleiing – generell omtale

Overordnet og generell omtale av senterets virksomhet i 2013 – trekk hovedlinjene. Vis eventuelt kortfattet til spesielle utfordringer, problemstillinger eller vurderinger som vil få/har hatt betydning for aktiviteten.

Grunnlaget for aktiviteten ved Nynorsksenteret i 2013 har vore *Oppdragsbrev for 2012 og 2013* og *Tiltaksplan 2009-2012*. Det meste av årsrapporten er ein gjennomgang av dei ulike avsnitta i oppdragsbrevet, med ei punktvis oppsummering av aktivitet og resultat. I tillegg kjem oppsummerande kommentarar etter kvar hovuddel.

Aktiviteten med utgangspunkt i *Tiltaksplan 2009-2012* vart avslutta 30.6.2013, seks månader etter opphavleg plan. Denne forlenginga av prosjektperioden var klarert med Utdanningsdirektoratet våren 2012. Første versjon av den tredelte sluttrapporten vart levert 17.7. Endeleg versjon – inkludert eit samandrag – vart godkjent og publisert på nettsida vår i oktober.¹

Arbeidet med prosjekta i tiltaksplanen dei siste tre-fire åra har vore grunnlaget for utviklinga av fleire gode undervisningsressursar. Det har også gitt mange verdfulle røynsler som vi vil bruke i det vidare arbeidet for dei ulike målgruppene. Med utgangspunkt i *Tiltaksplan 2009-2012* har vi dessutan valt ut tre satsingsområde i det vi har kalla *Tiltaksplan 2 (2014-2016)*. Det er 1) Moderne nynorsk på vidaregåande, 2) Tidleg start på mellomtrinnet og 3) Formidlarnettverk. Utdanningsdirektoratet godkjende planen og ga tilsagn om løyving til dei foreslåtte tiltaka i november 2013.

Fram til høyringsfristen i mars brukte vi mykje tid på arbeidet med revidert norskplan. Alt i alt synest vi at vi fekk vere med på den prosessen på ein konstruktiv måte i løpet av 2012 og 2013.

Meir samarbeid med dei andre nasjonale sentera har vore ei prioritert målsetjing også i 2013. Med tanke på å nå ut til UH-sektoren med tilbod i Ungdomstrinnsatsinga er det fornuftig å samordne tiltak. Vi har hatt mest kontakt med Skrivesenteret og Lesesenteret, og har konkrete planar om samarbeid med dei om utvikling av fleire nye ressursar i 2014.

I 2013 vart arbeidet i Kunnskapsdepartementet si «Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål» avslutta. (Gruppa vart etablert våren 2012 og hadde fem møte i løpet av dette året.) Nynorsksenteret fungerte som sekretariat. Dette engasjementet har tatt ein del tid også i 2013 – særleg i januar og juni - men det har vore svært nyttig og relevant for det faglege arbeidet, særleg det som galdt læreplanrevisjonen.

¹ http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou_rapportar-1/_mange-vegar-til-malet

Vi har også i 2013 deltatt aktivt i fleire nettverk og forum som er relevante for vårt fagområde. Vi har m.a. hatt møte og samarbeid med Nynorsk kultursentrum, Språkåret, Språkrådet, Landslaget for nynorsk kommunar, Nynorsk Forum, Noregs Mållag og LNU.

Det har i år vore avvikla berre eitt møte (i oktober) i vårt eige fagråd. Pr desember 2013 har fagrådet slik samansetjing: Jan Olav Fretland (leiar, HSF), Benthe Kolberg Jansson (HiØ), Randi Solheim (HiST), Karen Marie Kvåle Garthus (Valdres vg.), Birgitte F. Grimstad (HVO).

Samarbeidet med vertsinstitusjonen Høgskulen i Volda er framleis godt. Både leiaren og dei andre tilsette ved Nynorsk-senteret har god kontakt med dei relevante fagmiljøa (særleg norsk og lærarutdanning) om faglege spørsmål. Leiaren har også hatt fleire uformelle møte og samtalar med rektor, direktør, personaldirektør og økonomidirektør om tekniske/administrative saker. Den formelle avtalen mellom Nynorsksentert/Udir og vertsinstitusjonen HVO er prolongert inntil vidare, i påvente av nye retningslinjer frå departement og direktorat om desse avtalane.

Nokre medarbeidarar har hatt delvis eller heil permisjon i deler av året, men elles har arbeidsstokken vore stabil. Ingen har slutta og ingen nye er engasjerte i 2013. Ved årsskiftet 2013-2014 har Nynorsksenteret ti tilsette, inkludert ein stipendiat. Om lag halvparten har hatt full stilling, resten har hatt delstillingar frå femti til åtti prosent heile eller deler av året. Åtte har kontor plass i same miljø ved Høgskulen i Volda, medan to har heimekontor.

Volda, 15. januar 2013
Torgeir Dimmen
Senterleiar

2. Felles oppgaver i 2013

Senteret skal utforme konkret oversikt over aktiviteter/tiltak under hvert punkt som skal gjennomføres i egen regi i 2013 og vise til aktivitet som skjer i samarbeid med andre senter/evt. andre samarbeidsparter. Milepæler og resultat i form av for eksempel produkt/arrangement med mer skal fremkomme av årsplanen. Det kan være flere aktiviteter under hvert punkt som til sammen utgjør hele oppgaven som er beskrevet.

- **Vedlegg 1: Besøksstatistikk for senterets nettsted(er) med en vurdering av utviklingen de siste to årene (s. 20).**
- **Vedlegg 2: Oversikt over produksjon av støtte- og veiledningsmateriell fordelt på type materiell fordelt på barnehage og grunnopplæringen og emne, fag, nivå/trinn og målgruppe (s. 21).**
- **Vedlegg 3: Oversikt over forskningsrelaterte virksomhet og innspill om behov for ny kunnskap (s. 23).**
(Vedlegga er samla heilt bak i årsrapporten)

Senterspesifikke oppgaver med relevans for fellesdelen beskrives som aktiviteter under fellesdelen.

Tiltaksplaner skal føres som egen del – bruk samme mal. Aktivitet under tiltaksplaner skal ikke (i tillegg) beskrives i felles del eller senterspesifikk del.

2.1 Læreplanrelatert aktivitet

Oppgave
1.1 Bistå direktoratet i justering og videreutvikling av læreplaner for fag i grunnopplæringen (inkluderer også nye valgfag for ungdomstrinnet fra høsten 2013)
1.2 Bidra til utvikling av veiledninger og støttemateriell til læreplaner for de gjennomgående fellesfagene og valgfag for ungdomstrinnet, som skal være tilgjengelig via direktoratets og sentrenes nettsteder
1.3 Bistå direktoratet i implementeringen av reviderte læreplaner i fellesfagene og læreplaner i valgfag med tilhørende veiledningsmateriell
1.4 Utvikle, systematisere og formidle gratis ressurser og støttemateriell i grunnopplæringen
1.5 Sentrene skal samarbeide med direktoratet om publisering i den nye visningen av læreplaner på www.udir.no
1.6 Sentrene skal bidra i nasjonale satsninger i regi av Utdanningsdirektoratet

Aktivitet	Milepålar/resultat
1.1 - Grunnopplæringa: NYS var i 2012 og 2013 aktivt engasjert i arbeidet med ny norsklæreplan. Vi bidrog med innspel i	- Mars: Leverte høringsuttale til revidert læreplan i norsk.

<p>eigne notat og i direkte møte med Udir. - Rammeplan for barnehagen: Vi har deltatt på møte i Udir og levert innspel til arbeidet med planen.</p>	<p>- Førebelse høyringsuttalar levert i september og desember.</p>
<p>1.2 - Rettleiingar og støttemateriell til læreplanar for fellesfag: Vi har gitt innspel til Udir om tilsendt utkast til støttemateriell og vi har levert egne forslag til to nye emne. - Valfag: Vi har deltatt på fellesmøte om valfagressursar. NYS har ikkje hovudansvar for nettressursar til noko av valfaga, men vi har lagt til rette egne ressursar til slikt bruk, i samarbeid med dei andre sentera.</p>	<p>- Juni: Uttale om tilsende utkast til rettleiingar. Laga eige undervisingsdøme om sidemål på mellomsteget. - Oktober: Notat med framlegg til nytt emne (Språkkompetanse og språkleg tryggleik i hovudmålet for nynorskelevane). Ferdig framlegg levert i desember. - Aktuelle nettressursar er tilgjengelege. Plan for samordning/presentasjon av ressursane frå sentera er klar.</p>
<p>1.3 - Vi har informert om revidert plan i møta med samarbeidspartnarane våre og i andre samanhengar der det har vore naturleg (t.d. på fagdagar og konferansar). Elles har NYS ikkje hatt formelle oppdrag om dette i 2013.</p>	
<p>1.4 - Nettsida <i>nynorsksenteret.no</i> er revidert og det er lagt betre til rette for bruk av ressursane på nettsida. Dei er no organiserte etter trinn/nivå og merka med symbol for aktuelle grunnleggande ferdigheiter. Vi har også revidert og oppdatert sjølve innhaldet i fleire eksisterande nettressursar og trykksaker. - Det er laga ei eiga ressurside for lærarar om «skrivning i alle fag» – om og på bakgrunn av erfaringar frå tiltaksplanprosjekta. Her er t.d. døme på undervisningsopplegg med undervegsvurdering og respons på fagtekstar. Mykje at dette kan brukast t.d. i Ungdomstrinnsatsninga. - I samarbeid med Skrivesenteret har vi laga informasjon om</p>	<p>- Bruken av nettressursane våre aukar (sjå tabell og utfyllande merknad i vedlegg 1 og vedlegg 2).</p>

<p>dei spesielle vilkåra for elevar med nynorsk som hovudmål.</p> <ul style="list-style-type: none"> - I samarbeid med Skrivesenteret har vi lagt til rette ressursar for nynorskelevar på deira nettsider (m.a. skriverammer). - På seinhausten gjennomførte vi to store DM-kampanjar, ein retta mot alle førsteklasse i nynorskskular (med gratis bok, brosjyre og presentasjon av ressursane våre) og ei retta mot alle ungdomsskular og vg-skular. For den siste målgruppa var temaet sidemål. - Utviding av aktivitetssidene for born med eit nytt rom på Berte og Iver-sidene på nynorsksenteret.no - Vi har laga ein film om eit lærebokprosjekt på ein vg-skule. Opptak gjort ved Stavanger Katedralskole i klasse som brukar nynorsk lærebok i samfunnsfag. - Vi har gjort opptak til ein film om norsk språkhistorie. (Ferdig våren 2014). - Vi har utvida <i>Tekstbasen</i> på nettsida kraftig, og vi har rydda i organiseringa av tekstane. - Vi har utvida basen med bokmeldingar med tips om ny nynorsklitteratur som kan brukast i barnehage og skule. - Vi brukar Facebook og twitter (periodevis) aktivt som formidlingskanal. 	<ul style="list-style-type: none"> - November: 550 brev, brosjyre og bok til alle førsteklasse med nynorsk som opplæringsmål. Desember: 1800 brev, brosjyrar og siste nummer av bladet <i>Nynorskopplæring</i> til alle ungdomsskular og vg-skular i heile landet. - Fullføring og publisering første halvår 2014 - Mars: Film publisert på nettsida vår og på portalen <i>skoleipraksis.no</i>.
<p>1.5</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi har deltatt på nettredaktørmøte for å planlegge samkøying med tenestene til sentera og Udir sentralt. 	<p>(- Liste over peikarar levert til Udir i mai 2012.)</p>
<p>1.6</p> <ul style="list-style-type: none"> - NYS har ikkje hatt hovudansvar for nasjonale satsingar i 2013, men vi har deltatt på og tilbydd våre tenester på fleire nasjonale og regionale samlingar for UH om Ungdomstrinn-satsinga. Vi har særleg samarbeidd med Skrivesenteret om deira nettressursar i samband med satsinga, og vi er i gang med bidrag til Lesesenteret sine. Vi ser det som vår hovud- 	

<p>oppgåve å sjå til at det blir utvikla ressursar på nynorsk og at nynorskperspektivet blir ivaretatt i utrinningsinga ved desse to sentera – som har nøkkelroller i gjennomføringa.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi har deltatt på møte og kome med innspel i gruppa ved Høgskulen i Volda som har ansvar for den regionale utrinningsinga i Møre og Romsdal. - Vi har også i 2013 hatt faste bidrag på NY GIV-samlingane. - Vi er med i det Udir-initierte <i>Forum for nynorsk i opplæringa</i>. Her har det ikkje vore møte/aktivitet i 2013. 	<ul style="list-style-type: none"> - Kurs på ni NY GIV-samlingar.
---	--

Årsrapport 2013 (til hovudpunkt 2.1)

Omtale av gjennomført aktivitet

Dei første vekene av arbeidsåret 2013 var prega av arbeidet med revidert norsklæreplan. Grunnlaget for dei interne diskusjonane var ymse dokument. Dei viktigaste var rammeverket for dei grunnleggande ferdigheitene, sluttrapporten frå Forum for norskfaget, notat frå Udir med oppfølgjande dokument frå departementet, utkast frå læreplangruppa og innspel frå responsgruppa. Vi har først og fremst drøfta dei ulike utkasta til kompetansemål knytte til nynorsk-bokmål og hovudmålsidemål, og til standpunkt- og sluttvurdering. Dette var også hovudtema på møte vi hadde med andre nynorskinstitusjonar og -organisasjonar hausten 2012 og vinteren 2013. Vi har kome med innspel om desse delane av planutkastet i fleire samanhengar, både gjennom vår representant i responsgruppa (i 2012) og i direkte møte med Udir, men har elles ikkje tatt del i det offentlege ordsiftet.

Når det gjeld oppfølging av ressursar til dei nye valfaga på ungdomstrinnet, har vi vore med på den felles tilrettelegginga i Udir-regi. Vi har «meldt inn» ein del av nettressursar våre og lagt til rette for at desse kan brukast i fleire av valfaga.

Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Vi synest vi fekk spele ei konstruktiv rolle i Udir/KD sitt arbeid med å revidere norsklæreplanen. I møte og notat fekk vi bidra med faglege innspel og synspunkt som vi trur var nyttige i arbeidet med den endelege versjonen.

Bruken av nettressursane våre aukar (sjå tabell og merknad i **vedlegg 1**) og tilbakemeldingane frå brukarane er jamt over svært gode. Dei to store DM-kampanjane i november og desember 2013 vil vonleg gi god marknadsføringseffekt, men vi har truleg framleis eit stort potensial for auka kjennskap og auka bruk. For 2014 og vidare er det i alle fall ei viktig målsetjing å arbeide systematisk med tiltak som kan gjere ressursane våre endå meir kjende – og brukte - i heile landet.

Tilbakemeldingane frå bidraga våre på NY GIV-kursa har vore gode også i 2013. I 2012 fekk foredraget eit snitt på 4,25 (skala frå 1 til 5). I 2013 har vi ikkje fått tilsvarande tal frå deltakarevalueringa.

Vesentlege avvik (også økonomiske)

Ingen vesentlege avvik i gjennomført aktivitet i forhold til planar. Heller ingen økonomiske avvik.

Lenkjer til tilleggsdokumentasjon

Sjå vedlegg 1 og 2

2.2 Fagdidaktisk aktivitet og kompetanseutvikling

Oppgåve
2.1 Bidra med støtte og veiledning for å styrke fagdidaktisk virksomhet og utvikling på sentrenes fagområder
2.2 Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere
2.3 Drifte og lede faglige nettverk mellom universiteter og høgskoler og nasjonale senter

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>2.1</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi gir ut fagbladet <i>Nynorskopplæring</i> med stoff om god nynorskundervisning. Bladet er gratis. - Dagleg svar (pr. epost og tlf.) på spørsmål litteratur-tips, forfattarbesøk og tilgjengelege undervisningsressursar. - Vi har formidla nynorskdidaktikk på mange fagdagar og kurs for lærarar og barnehagetilsette. På fleire av samlingane har vi samarbeidd med andre aktørar som driv med litteratur- og kulturformidling. - Vi arrangerte konferansen «Norskfaget i endring?» (om nynorsk i den reviderte norskplanen), i samarbeid med Språkrådet og Utdanningsforbundet. Målgruppe: Lærarar på ungdoms- og vg-trinn. - Vi arrangerte «Nynorsk barnebokveke» med forfattarbesøk og litteraturformidling, i samarbeid med Nynorsk kultursentrum og fylkesbiblioteka i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. <p>Målgruppe: Lærarar (1.-7. klasse) og barnehagetilsette.</p> <ul style="list-style-type: none"> - I samarbeid med Nasjonalbiblioteket, NAFO og Framandspråksenteret: Planlegging av nasjonale konkurransar og utstillingar om språk i Noreg. Juryering av innsende konkurransebidrag. - Vi var medarrangør av den store barnehagekonferansen i 	<ul style="list-style-type: none"> - Tre nummer av <i>Nynorskopplæring</i>. Opplag: ca 2000. - Foredrag og presentasjonar på 15-20 fag- og kursdagar. - September: Konferanse i Oslo med ca 140 deltakarar. - Oktober: Nynorsk barnebokveke i sju kommunar, fire i M&R, tre i S&Fj. - Gjennomført konkurranse for skuleelevar. September: Opning av utstillinga «Leve språket!» i Nasjonalbiblioteket. - September. Medarrangør av nasjonal bhg-

<p>Oslo, saman med dei andre nasjonale sentera. Målgruppe: barnehagetilsette.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Medarrangør av konferanse om språket i sosiale medium, saman med Språkåret, Allkunne og Ivar Aasen-instituttet. 	<p>konferanse. Presentasjon av eigne ressursar i parallell-sesjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> - April: Gjennomført konferanse i Aasentunet, ca 40 deltakarar.
<p>2.2</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi er med i UH-nett Vest sitt nye Nettverk for nynorsk-forskning. Vi var med på etableringsmøtet i juni og har vore med på å lage strategi for dette nettverket. Nettverket skal i 2014 utgi ein antologi om nynorskforskning. NYS er engasjert her både med redaktøransvar og som bidragsytar. - Vi har hatt eigne møte med norsklærer-utdannarar og studentgrupper ved fleire høgskular. - Med utgangspunkt i tiltaksplan-prosjekta våre har vi laga «smørbrødlister» med framlegg til masteroppgåver. 	<ul style="list-style-type: none"> - Nettverk for nynorskforskning har skissert fleire prosjekt som direkte eller indirekte kan auke lærarkompetansen. Utanom antologien er ingen konkrete prosjekt i gang. - Forelesingar (og møte) i Volda og Vestfold. - Tema for masterprosjekt er foreslått for studentar ved HVO (Ivar Aasen-instituttet).
<p>2.3</p> <ul style="list-style-type: none"> - NYS er med på å leie og drive NOLES-nettverket saman med Skrivesenteret og Lesesenteret. NOLES sitt mandat er å drive faglig oppdatering og kunnskaps- og forskningsbasert erfaringsutveksling i UH-sektoren. Koordinatorane og Udir sentralt har i 2013 drøfta strategien for NOLES framover. Innhaldet kan dreiest i retning av forskning på opplæring i grunnleggande språkferdigheiter. Det er derfor planlagt ein forskarkonferanse i okt. 2014. 	<ul style="list-style-type: none"> - To NOLES-samlingar i 2013 (februar og oktober). Sjå eigen rapport frå NOLES i vedlegg 4

Årsrapport 2013 (til hovudpunkt 2.2.)

Omtale av gjennomført aktivitet

Vi får stadig spørsmål frå skular, skuleeigarar og interesseorganisasjonar (t.d. norsknettverk) om å ha kursdagar og forelesingar om god nynorskundervisning. Når vi vurderer slike førespurnader, prioriterer vi arenaer der vi når mange og der vi trur det kan gi ringverknader. I 2013 har vi t.d. vore i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Nordland og hatt regionale kurs for lærarar, både for grunnskule- og vidaregåande-trinnet. Vi takkar ofte nei til spørsmål om gjesteforelesingar eller besøk i einiskldklasser. På den andre sida er det viktig at vi også har eigne førstehands røynsler frå direkte møte med

«sluttbrukarane». Dette er eit sjølv sagt grunnlag i arbeidet med å utvikle eigne undervisningsressursar og når vi skal «gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere». Dette har t.d. vore grunnlaget for engasjement i kommunalt initierte nynorskprosjekt i Sunnfjord.

Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Det er i praksis uråd å seie noko sikkert om «effektar» på dette punktet. Vi har ikkje kvantitative mål på kor mykje meir – eller betre – nynorskundervisning det blir etter dei ulike kursa og fagdagane. Det vi veit, er at vi i dei aller fleste høve får gode tilbakemeldingar. Lærarar og barnehagetilsette set stor pris på tips og rettleiing, både om måtar å drive nynorskopplæring på og om god litteratur. Det er lite å finne om dette andre stadar enn hos oss.

Når det gjeld å få «resultat» for delpunkt 2.2 («Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere») har Nynorsksenteret ei ekstra utfordring samanlikna med dei fleste andre nasjonale sentera. Dei kan dra nytte av store og kompetansetunge fagmiljø ved mange universitet og høgskular. På vårt fagområde har UH-sektoren svært lite å tilby både av forskning og av etter- og vidareutdanning.

Det er eit opplagt langsiktig mål å få til meir UH-aktivitet (både forskning og undervisning) på fagområdet vårt. Vi har godt samarbeid med UiB og høgskulane på Vestlandet gjennom UH-nett Vest sitt Nettverk for nynorskforskning, men det er også viktig å etablere kontakt og utvikle samarbeid med lærarutdanningsmiljøa andre stader landet.

Vesentlege avvik (også økonomiske)

Ingen vesentlege avvik i gjennomført aktivitet i forhold til planar. Heller ingen økonomiske avvik.

Lenker til tilleggsdokumentasjon

Innlegg på konferansen *Norskfaget i endring?* i september 2013: <http://www.utdanningsforbundet.no/Kurs-og-konferanser/Sentrale-kurs-og-konferanser/Manus-fra-kurs-og-konferanser/Norskfaget-i-endring/>

Bladet *Nynorskopplæring*: <http://www.nynorsksenteret.no/blad>

NOLES: <http://noles.skrivesenteret.no/?cat=7>

2.3 Dokumentasjon, analyse og forskning

Oppgåve
3.1 Kjenne til og bruke relevant kunnskapsgrunnlag som for eksempel evalueringer, studier, statistikk og forskning i sentrenes arbeid for og i sektoren
3.2 Samle, systematisere og spre resultater fra forsknings- og utviklingsarbeid til sektoren
3.3 Bruke sentrenes kontaktflater i sektoren til systematisk å innhente og dokumentere erfaring med implementering og bruk av læreplaner for fag
3.4 Bidra i forsknings- og analyseoppgaver etter oppdrag fra direktoratet

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>3.1</p> <ul style="list-style-type: none"> - NYS-tilsette held seg oppdaterte på relevant forskning gjennom lesing av faglitteratur og deltaking på kurs og konferansar. Det er også mykje uformell og direkte kontakt mellom NYS-tilsette og fagpersonar i UH-miljøa. Dei mest aktuelle fagområda er skrive- og leseforskning, pedagogikk, didaktikk og språkvitskap. Fleirspråkperspektivet har fått mykje merksemd dei siste åra, og her er det etter alt å døme også meir å hente for oss. - Også i 2013 har vi hatt mykje kontakt med Skrivesenteret i Trondheim og Lesesenteret i Stavanger i ulike samanhengar. Vi har m.a. kome med innspel til deira bidrag i Ungdomstrinnsatsinga og elles hatt god dialog om ymse faglege spørsmål. - Nokre tilsette har hatt små engasjement som rettleiarar av masterstudentar ved Aasen-instituttet ved HVO. 	<ul style="list-style-type: none"> - Viktigaste konferansar: April: Deltaking på «Rom for språk», nasjonal fagkonferanse om språk i Bergen (Arr: UiB). November: Deltaking på internasjonal konferanse i Tromsø om språkmangfald (Arr: UiT). - November: Arbeidsseminar (for alle NYS-tilsette) saman med Skrivesenteret i Trondheim. Desember: Møte med Lesesenteret om utvida samarbeid.
<p>3.2</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi formidlar aktuell forskning og eigne (og andre sine) praksisrøynsler i mange kanalar: på nettsida, i vårt eige fagblad, i artiklar i fagtidsskrift og som foredragshaldarar i ymse samanhengar. - Vi har utvida samlinga med akademiske tekstar og prosjektrapportar på nettstaden. Dette oversynet blir kontinuerleg oppdatert og forbetra. 	<ul style="list-style-type: none"> - Utvida og betre tilgjengelege nettressursar. - Tre utgåver av bladet <i>Nynorsk-opplæring</i>. Januarnummeret inneheldt innlegga frå fagkonferansen «Tospråk og

	<p>danning» (arr. i oktober 2012).</p> <p>- April: To foredrag på konferansen «Rom for språk» i Bergen. Antologi blir klar i 2014.</p>
<p>3.3</p> <p>- Utviklingsarbeid: I 2013 har vi etablert/videreført tre større sidemålsprosjekt: Stavanger katedralskole (vg), Torstad ungdomsskole (Asker) og Sortland vg. skole. Målet med disse satsingane har vore å prøve ut røynslene frå tiltaksplanen på ein meir systematisk måte, noko som i neste omgang kan skape grunnlag for utvikling av nye sidemålsressursar for ungdomstrinn og vg. trinn</p> <p>- Vi har sett i gang prosjektet «Å skrive i norskfaget», i samarbeid med ungdomstrinnlærarar ved to skular på Sunnmøre. Dei skal utvikle funksjonell respons på elevtekstar på nynorsk, og målet er å skape auka lærarkompetanse i skriveopplæringa for nynorskelevane. (Sjå eige vedlegg 5 med prosjektnotat)</p> <p>- Utanom dette har vi ikkje gjennomført <i>systematisk</i> innhenting og dokumentasjon frå «erfaring med implementering og bruk av læreplaner for fag», men gjennom prosjekta i tiltaksplanen og tilbakemelding frå lærarar og skuleeigarar i samband med kurs/foredrag har vi fått mykje uformell tilbakemelding om dette.</p>	<p>- November: Fagsamling med prosjektstart i Sortland. (Stavanger og Torstad er vidareføring av prosjekt som byrja i 2011 og 2012)</p> <p>- Prosjektstart hausten 2013. Oppsummering og sluttrapport i løpet av 2014.</p>
<p>3.4</p> <p>- Vi har gitt innspel til Udir-oppfølging av Oppdragsbrev 28-13 frå KD (<i>Oppfølging rapport frå ressursgruppa for nynorsk som hovudmål</i>)</p> <p>- Elles ingen forskings- og analyseoppgåver</p>	<p>- November: Epostar og videomøte. Desember 2013/januar 2014: Innspel til innstilling.</p>

Årsrapport 2013 (til hovudpunkt 2.3)

Omtale av aktivitet

Vi ser på Nynorsksenteret som ein viktig del av det vesle fagmiljøet som driv FoU-arbeid med utgangspunkt i nynorsk-opplæring. Vi driv ikkje eiga (grunn)forskning, men er engasjerte i det ein kalle utviklingsarbeid i samarbeid med nokre utvalde skular/lærarar. Røynslene m.a. frå tiltaksplan-prosjekta er viktige bidrag i kunnskapen om fagområdet vårt. Alle NYS-tilsette får tilbod om å delta på konferansar om norskfaglege emne. Dette er naudsynt påfyll for å kunne gi gode og oppdaterte bidrag når vi sjølve er ute på formidlingsoppdrag.

Til 3.1, om formell kompetanseheving: Frå august 2010 har ein stipendiat vore tilknytt senteret. I 2013 har ho heil eller delvis fødselspermisjon første halvår. Stipendperioden varer til våren 2016. Ho er tatt opp på PhD-programmet til Universitetet i Bergen. Emnet i avhandlinga er ordval og syntaks i eit utval elev-tekstar, saman med intervju frå lærarar og elevar om skrivinga. Elevane er henta frå to klassar på yrkesfaglege retningar vg2. Elevtekstar og intervju vert sett saman med styringsdokumenta i læreplanen, eksamensvurdering og råd for fagtekstar og god nynorskspråkføring. Det overordna målet med studien er å utvikle språk til å vurdere elevtekstar i kontekst meir nyansert og å kunne nytte dette til å formulere ein meir formålstenleg språkdidaktikk for nynorskelevar som skriv fagtekstar.

Ein annan NYS-tilsett leverte doktorgradsavhandling i desember, med planlagt disputas i løpet av 2014. Vedkomande hadde stipendiatstilling ved Høgskolen i Vestfold før ho byrja ved NYS, og har i deler av 2013 hatt noko redusert stilling for å gjere ferdig avhandlinga. Det er altså ikkje brukt ressursar frå grunnløyvinga til dette arbeidet. Ein annan (deltids-)tilsett leverte avsluttande masteroppgåve i desember, og ei tredje er godt i gang med masterstudium på deltid (eksamen i 2015).

Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Det er vanskeleg å vurdere måloppnåing og effektar for denne delen av oppdragsbrevet, men dei siste par åra har vi vore endå meir bevisste på å arbeide med (og presentere) teori og forskning som kan vere relevant for *nynorsk*-undervisning spesielt. Kva er det som skil opplæring i nynorsk (både som hovudmål og sidemål) frå opplæring i bokmål? Vi har god tru på at prosjektet «Å skrive i norskfaget» vil gi auka kunnskap om akkurat dette emnet.

Vesentlege avvik (også økonomiske)

Ingen vesentlege avvik i gjennomført aktivitet i forhold til planar. Heller ingen økonomiske avvik.

Lenkjer til tilleggskommentasjon

Konferanserapport frå «Tospråk og danning»: www.nynorsksenteret.no/konferanse2012

3. Senterspesifikke oppgaver

Se spesifikke mål for hvert senter i oppdragsbrevet. Oppgaver nevnt i denne delen med relevans for felles del av oppdragsbrevet skal beskrives under fellesdelen. Dette skyldes at det for noen senter er skrevet inn spesifiseringer/presiseringer av aktivitet som skal skje under felles delen av oppdragsbrevet. Det kan være flere aktiviteter under hver oppgave.

Oppgaver

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>1.1 Tiltaksplanen 2009-2012 Vidareføre, videreutvikle og dokumentere FoU-prosjekt i lesestimulering og lese- og skriveopplæring i og på nynorsk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nynorsk i barnehagen - Tidleg start - Bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i anna fag enn norsk på ungdomssteget og vg. skule. - Skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vgs. 	<p>- Juli/september/oktober: Levert og publisert sluttrapport frå tiltaksplanen.</p>
<p>1.2 - Utvikle nettressursar på nynorsk for lærarar som arbeider med elevar og vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn.</p>	<p>- Her har vi tidlegare laga nettressursar som fungerer godt. Desse ressursane er oppdaterte etter ny rettskriving.</p>
Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>2.1 - Vurdere og foreslå kva fleire nettressursar på bokmål frå dei andre nasjonale sentera som bør bli gjorde tilgjengelege på nynorsk.</p>	<p>- Vi har gått systematisk gjennom nettressursane til dei andre nasjonale sentera. Førebels konklusjon er at alle brukar både nynorsk og bokmål på nettsidene sine. Når det gjeld elevretta innhald er variasjonen større og meir problematisk. <i>Sjå også vedlegg til årsrapporten for 2012: Notat om nettressursar på nynorsk ved dei nasjonale sentera.</i></p>

Årsrapport 2013 (til hovuddel 3)

Omtale av aktivitet

Første del av senterspesifikk del av oppdragsbrevet (underpunkt 1.1.) gjeld *Tiltaksplan 2009-2012*. Denne aktiviteten med tilhørende vurdering er omtala i sluttrapporten som er levert tidlegare.

Nettressursane «Nynorsk arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege» (laga i samarbeid med HVO) og «Nynorsk over alle grenser» (laga i samarbeid med Oslo voksenopplæring) er no oppdaterte etter ny rettskriving. Dei er å finne på nettsida vår saman med peikarar til andre læreverk for minoritetsspråklege.

Til punkt 2.1: I 2012 gjekk vi gjennom og laga ei førebels oppsummering av nynorskbruken ved dei andre nasjonale sentera. Variasjonen er stor, både når det gjeld «redaksjonelt stoff» og ressursar som er direkte retta mot elevar. Når det gjeld det siste, bør det vere ei sjølvfylgje at det blir laga parallellutgåver. Til andre typar stoff – retta mot lærarar og skuleeigarar – kan ei viss skeivfordeling akseptast, men også her har nokre senter etter vårt skjønt altfor låg nynorskprosent. Vi har vore litt usikre på om Nynorsksenteret skal fylgje opp dette vidare, eller om det fell utanfor vårt mandat. Det må Udir avgjere. I alle fall har vi ikkje gjort noko meir med denne saka i 2013.

Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Tiltaksplanen: Sjå sluttrapporten *Mange vegar til målet*.

Når det gjeld tilbudet til minoritetsspråklege, vurderer vi det slik at dei tilboda vi har fungerer godt.

Vesentlege avvik (også økonomiske)

Aktivitet med utgangspunkt i tiltaksplanen er gjennomført etter oppsett plan og innanfor budsjett.

Heller ikkje avvik for det andre underpunktet.

Lenker til tilleggsdokumentasjon

Sluttrapport tiltaksplanen: www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou_rapportar-1/_mange-vegar-til-malet

Tilbud til minoritetsspråklege: <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspr%C3%A5klege>

4. Årsrapport for Tiltaksplan 2009-2012

Kun aktuelt for Nynorsksenteret og Fremmedspråksenteret

I juni 2013 avslutta vi dei aller fleste prosjekta i *Tiltaksplan 2009-2012*. Vi hadde ein stor sluttkonferanse i Bergen i april og vi leverte sluttrapport til Udir i to omgangar - 17. juli og 6. september. Endelege versjonar vart godkjende av Udir og publiserte i oktober. Desse rapportane er eit fyldig og godt grunnlag for vidare arbeid med å utvikle ressursar for ei betre nynorskopplæring. (Sjå sluttrapporten del I, II og III for fleire detaljar og vurderingar)

Vi har også valt å vidareføre to-tre av tiltaksplanprosjekta for å samle endå meir dokumentasjon og erfaring, særleg om sidemålsundervisinga. Desse prosjekta blir følgde vesentleg tettare opp enn vi hadde høve til i den ordinære prosjektperioden med til saman nesten 40 samarbeidsskular og -barnehagar.

Lenkje til sluttrapporten frå Tiltaksplan 2009-2012:

http://nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/fou_rapportar-1/_mange-vegar-til-malet

5. Andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet

(Nynorsksenteret har ikkje hatt andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i 2013)

6. Oppdrag frå andre oppdragsgjevarar som er utført i 2013

Utdanningsdirektoratet ønsker en kortfattet oversikt over hvilke andre oppgaver senteret har gjennomført på oppdrag av / finansiert av andre enn Utdanningsdirektoratet. Oppdragenes relevans i forhold til senterets mandat skal synliggjøres.

Nynorsksenteret var i 2012 med i Kunnskapsdepartementets «Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål». Via Udir fekk vi også i oppdrag å vere sekretariat, og rett før siste møtet i november 2012 fekk vi i oppgåve å lage utkast til sluttrapport frå arbeidet. Ein førsteversjon vart presentert og drøfta på dette møtet. Ein revidert og meir gjennomarbeidd versjon av sluttrapporten blei levert til departementet i januar 2013, og avtalen var at KD sjølve skulle slutføre arbeidet. Etter dialog med ressursgruppa våren 2013 blei denne prosedyren endra, og KD ba Nynorsksenter om å også ta ansvaret for utforminga av den endelege versjonen av sluttrapporten. Dette blei avklara så seint som i byrjinga av juni 2013, og rapporten vart levert til KD 21. juni 2013. Den inneheldt ein kortfatta statusrapport og fleire tilrådingar om korleis ein kan eller bør styrkje nynorskelevane si stilling.

Nynorsksenteret brukte nokså mykje tid på arbeidet i KD si Nynorsksgruppe i 2012. Vi har også brukt ein del tid på dette oppdraget i første halvår av 2013. Dette engasjementet har relevans for post 2.1 i oppdragsbrevet, men har elles kome i tillegg til dei ordinære postane. Vi har likevel sett det som svært relevant og naturleg for oss å delta i ei slik gruppe. Målet med arbeidet var å drøfte nynorskelevane sin situasjon i grunnopplæringa og å foreslå tiltak som kan redusere nynorskfråfallet. Dette går rett inn i kjernen av vårt mandat. Drøftingane på møta i gruppa var dessutan både svært relevante for mykje av den aktiviteten vi elles driv med og ein arena for å bygge nettverk. I tillegg ga møta og arbeidet med rapportskrivinga verdfull bakgrunnskunnskap i den aktuelle debatten om læreplanrevisjonen.

KD har betalt reise og kost pengar i samband med møta i ressursgruppa. Elles har vi ikkje fått ekstra løyvingar til dette oppdraget. (Sjå også omtale av dette oppdraget i årsrapporten for 2012.)

KD har følgd opp rapporten frå nynorskgruppa i oppdragsbrev 28-13 til Udir (11.10.2013). Dette oppdraget er tredelt: 1) Ei kartlegging av lærarutdanningane si opplæring i nynorskopplæringskompetanse, 2) Undersøking av årsaker til målbyte i randsonene og 3) Utarbeide informasjon til elevar med nynorsk som hovudmål om rettane deira. Oppdrag 1 og 2 vart utlyst eksternt i november. Tildeling av oppdraget vil skje i januar 2014 og sluttrapport skal leverast i juli 2014. Udir har rådført seg med Nynorsksenteret i arbeidet med utlysing av oppdraget.

Vedlegg: Sluttrapporten frå Nynorskgruppa:

<http://nynorsksenteret.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=f647b511b20a378d2660ef98ac96031d>

7. Årsrekneskap (frist: 15. februar)

Mal for regnskapsrapportering skal brukes av sentrene. Det skal utarbeides skriftlige kommentarer til regnskapsrapportene. Utdanningsdirektoratet ber om at rapporteringen viser hvor stor del av tildelingen(e) som disponeres som "overhead" av vertsinstitusjonene. Direktoratet ønsker videre at rapporten viser omfanget av overskuddsmidler fra tidligere år og innspill fra senteret om bruk av disse midlene. Årsregnskapet skal være påtegnet av økonomiansvarlig ved vertsinstitusjonen. Det vises for øvrig til Oppdragsbrev for 2012 og 2013.

VEDLEGG 1

Tal for unike brukarar for dei ulike vevsidene våre: (Tal for 2012 og 2011 i parantes)

	2013	2012	2011
Nynorsksenteret.no:	64 886	(50 209)	(41 801)
Nynorsk bok.no:	27 366	(26 807)	(23 112)
Teikneseriar:	26 052	(23 846)	(19 096)
Nynorsk for dei minste:	13 577	(13 138)	(9 678)
Tekstbasen:	11 735	(7 401)	(7 769)
Berte og Iver:	10 843	(13 911)	(11 322)
Grammatikk (minoritet):	9 513	(8 514)	
Typisk Nynorsk:	7 331	(5 179)	(1 438)

Bruken av nettressursane våre har auka mykje dei siste to åra. Dette er vi sjølvsagt godt nøgde med. Målt i unike brukarar har hovudsida hatt ein auke på heile 55 prosent. Det siste året har vi satsa ekstra på å utvide tekstbasen, ei samling av autentiske tekstar i mange sjangrar og for ulike målgrupper. Denne satsinga viser att i statistikken. I tillegg er det også aukande bruk av dei godt etablerte tilboda om teikneseriar og bokomtalar (nynorsk bok.no). Einaste tilbod med nedgang er «Berte og Iver»-sidene, eit tilbod for barnehagen og småskulen. Dette var ei storsatsing i 2011 som blei svært godt mottatt av målgruppa. I 2013 byrja vi på ei vidareutvikling av dette tilbodet. Dei fornya «Berte og Iver»-sidene vil bli lanserte i løpet av 2014, og vi reknar med at det etter kvart viser att på statistikken for 2014 og 2015.

VEDLEGG 2

Oversikt over støtte- og veiledningsmaterieill fordelt på type materieill fordelt på barnehage og grunnopplæringa og emne, fag, nivå/trinn og målgruppe.

Nytt på www.nynorsksenteret.no i løpet av 2013:

1. Nye nettressursar:

- Filmen *Med nynorsk inn i faget - lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk*
www.skoleipraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-laerebok/
- Samleside om *Lærebok på nynorsk*
www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/larebok-pa-nynorsk
- Samleside om *Skriving i alle fag*
www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/skriving-i-alle-fag
- Samleside *Arbeid med reklamar*
www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/arbeid-med-reklamar

2. Oppdaterte nettressursar:

- Nynorskbok (Nye omtalar: 17 barnebøker, 9 ungdomsbøker, 6 bøker for dei litt eldre)
www.nynorskbok.no
- Nynorske teikneseriar
www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/
- Tekstbasen (25 nye tekstar)
tekstbasen.nynorsksenteret.no
- Tidleg start med nynorsk:
www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/tidleg-start

Eksisterande nettressursar er sorterte etter årstrinn:

- Barnehagen www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg
- Barneskolen www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnetrinn
- Ungdomstrinnet www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/ungdomstrinn
- Vidaregåande trinn www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/vidaregaande

3. Nynorsksenteret på sosiale medium

- Facebook www.facebook.com/nynorsksenteret
(63 oppdateringar, 1419 følgjarar, 76 053 unike visningar)
- Twitter twitter.com/Nynorsksenteret
(115 twittermeldingar i 2013. 615 følgjarar)

Andre nettressursar

Bidrag til Utdanningsdirektoratet sine rettleiingar for læreplanar i fellesfag:

www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-lareplaner/Revidert-2013/Veiledning-til-revidert-lareplan-i-norsk/3-Praktiske-eksempler/#a3.4

Bidrag på skrivesenteret sine Ungdomstrinn-sider:

<http://www.skrivesenteret.no/ressurser/arbeid-med-skrivestrategier-gir-kt-skrivekompetanse/>

Trykksaker

Tre nummer av bladet Nynorskopplæring, med «praksisdøme» og anna støtte- og rettleiingsmateriell for alle målgrupper.

www.nynorsksenteret.no/nyn/publikasjonar-og-tilfang/bladet

Klart eg les! Vegar inn i den nynorske barnelitteraturen.

Ressurshefte til bruk i barnehagen og småskulen.

VEDLEGG 3

Oversikt over forskningsrelatert virksomhet og innspel om behov for ny kunnskap.

Nynorsksenteret driv ikkje eiga (grunn)forsking. Viktigaste utviklingsarbeid i 2013 har vore *Tiltaksplan 2009-2012*. (Sjå elles omtale i hovudpunkt 2.3.)

Det er stort behov for meir klasseromsbasert forskings- og utviklingsarbeid med utgangspunkt i nynorskopplæring. Eit område vi har vore spesielt opptekne av i 2013 er korleis ein kan drive med læringsfremjande tekstrespons som også byggjer opp elevane sin *nynorske* språkkompetanse. Dette gjeld særleg elevar som har nynorsk som hovudmål. Her er det gjort lite til no, og faglitteraturen er ikkje stor. Prosjektet vårt «Å skrive i norskfaget» kan bli eit lite bidrag i denne kunnskapsutviklinga (sjå vedlegg 5).

Vi vil også peike på tilrådingane i sluttrapporten frå KD si nynorskgruppe (s. 15ff). Her er det lista opp ei rad framlegg til tiltak for å styrke nynorskopplæringa. Nokre av dei er administrative/tekniske, men fleire føreset utgreiing og forsking frå kompetente fagmiljø.

(Sjå elles omtale av og lenke til KD-rapporten i hovudpunkt 6 over)

VEDLEGG 4 (til hovudpunkt 2.2, underpunkt 2.3)

Rapport frå NOLES

(Sendt til Utdanningsdirektoratet v. Bente Heian 27.8.2013)

Ei lita oppdatering om NOLES-nettverket ved semesterstart hausten 2013:

KOORDINATOR-TRIOEN er no Ingrid Nielsen frå Lesesenteret og Marit Wadsten frå Nynorsksenteret, med Arne J. Aasen som medlem frå Skrivesenteret inntil vidare. Sture Nome har gått ut pga av skifte av jobb. (Tillegg pr 13. jan 2014: Trygve Kvithyld er oppnemnt som koordinator frå Skrivesenteret)

DELTAKARAR I NETTVERKET:

Vi har nivellert oss noko ned mht talet på institusjonar vi forventar deltaking frå og dermed også talet på deltakarar på kvar samling. Det er særleg vitskaplege høgskular og kunsthøgskular vi ser at ikkje møter. Pr. i dag er det ca 25 aktuelle høgskular og universitet som er aktivt med. Nettverket er utvida til tre representantar frå kvar institusjon: ein frå norsk, ein frå andre fag, og ein frå pel/ped/ppu. Alle skal ha tre varamedlemmer. Forventa deltaking frå UH-sektoren på samlingane kan då vere opp til ca 75 representantar. Men vi ser at deltakinga er noko lågare enn dette. Den har variert mellom ca 45-60 på dei seinaste samlingane.

Deltakarlista vår ser pr i dag slik ut, men blir jamnt endra og oppdatert: http://noles.skrivesenteret.no/?page_id=33

NETTSIDA:

Nettsida fungerer ikkje heilt etter intensjonane. Den ligg litt brakk av ulike årsaker. Hovedgrunnen er at det er mykje arbeid å halde ei nettside frisk og oppdatert, og at dette krev tett oppfølging. Vi har ikkje eigen nettredektør, så ansvaret for å oppdatere sida er litt for flytande. Ein annan grunn kan vere at typen nettside, WordPress, ikkje er så lett å finne ut av for oss som ikkje har dette som hovedarbeidsområde. Å få ei avklaring på korleis vi skal legge opp dette vidare er noko vi har «på blokka» framover.

Nettside for NOLES-nettverket: <http://noles.skrivesenteret.no/>

FAGLEG INNHALD/SAMLINGAR:

Etter at vi har tatt runden innom dei tre grunnleggande ferdigheitene i alle dei ulike skulefaga, har vi hatt litt ulike tema frå samling til samling:

- Oktobersamlinga i 2012 hadde Retorikk og språklege ferdigheiter og Rammer for arbeid med språklege ferdigheiter i skulen
- Februarsamlinga i 2013 hadde Rammer og innhald i U-trinnsatsinga
- Oktobersamlinga i 2013 skal ha Klasseromsforskning; Metodar og forskingsprosjekt i lese- og skriveopplæringa
- Februarsamlinga i 2014 er delvis ferdig planlagt, og den foreløpige tittelen på denne er: Nyttig forskning eller kritiske røyster? Kritiske blikk på formål, kjønn, språk og sosiale forskjellar i opplæring og skule.

VIDARE FRAMOVER:

Med tittelen på og innhaldet i dei foreståande samlingane i oktober 2013 og februar 2014 tek vi opp signal frå deltakarane om å dreie innhaldet i samlingane meir i retning av forskning. Vi planlegg vidare ei samling i 2014 eller 2015 lagt opp som ein forskarkonferanse for nettverksdeltakarane om opplæring i lesing, skriving og munnleg, med parallelle sesjonar og innsending av paper på vanleg måte. Deltakarane har ytra ønske om at dette er noko vi kan gjere t.d. på ei av samlingane anna kvart år. Tanken er at det å presentere forskning og metodikk då vil bli meritterande, og at det dermed vil bli meir attraktivt for institusjonane å prioritere NOLES-nettverket.

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål eller vil drøfte det vidare arbeidet med oss.

Kontaktinfo:

Ingrid: Telefon: tlf 51833243 ingrid.nielsen@uis.no

Marit: tlf 41690285 maritw@hivolda.no

Arne Johannes: tlf 73558905/97752967 arne.j.aasen@hist.no

Med helsing

Ingrid, Arne J. og Marit

VEDLEGG 5 (til hovudpunkt 2.3, underpunkt 3.3)

Notat om prosjektet «Å skrive i norskfaget»

Å skrive i norskfaget

Funksjonell respons på elevtekstar på nynorsk

Situasjonsbeskriving:

Elevar med nynorsk som hovudmål er ein minoritet i toskriftssituasjonen i Noreg. Ein førebels rapport frå Normprosjektet kommenterer denne situasjonen slik: *Det kan synast overraskande at lærarane på nynorskskulane i liten grad nemner toskriftssituasjonen i intervjusituasjonane, trass i at (dei nynorske) elevtekstane som blei drøfta her, hadde ei rekkje bokmålsinnslag. På direkte spørsmål kring dette stadfestar lærarane at bokmålspåverknad er eit gjennomgåande problem hos*

nynorskelevar, men at det ikkje alltid er like enkelt å gjere noko med det, pga. manglande støtte for og kontakt med nynorsk i kvardagen.

(Normprosjektet 5.4.2, Eit sideblikk på nynorskskrivarane)

Overordna mål for prosjektet

Å skape medvit om og lærarkompetanse i skriveopplæring for elevar med nynorsk som hovudmål .

Problemstillingar

1. Korleis kan læraren gi respons til eleven på ordforråd, formverk, ortografi og tekstbinding undervegs i skriveprosessen som er læringsfremjande og ikkje læringshemmande?
2. Elevar med nynorsk som hovudmål har stor påverknad av bokmål. Kva gjer ein med bokmålsinnslaga i elevtekstane?

Beskriving av eit utviklingsarbeid 2013 – 2014

På bakgrunn av situasjonsbeskrivinga ynskjer vi å stimulere til utviklingsarbeid ved to utvalde skular som har elevar med nynorsk som hovudmål. To lærarar på ungdomstrinnet har sagt seg interesserte i å vere med på prosjektet og å dele erfaringar med kvarandre undervegs. Ein av lærarane underviser i norsk på 8.trinn den andre på 9.trinn, så det er ikkje aktuelt at dei to lærarane skal ha det same opplegget.

Utviklingsarbeidet skal setje lys på respons som fremjar læring. Vi veit at mange lærarar brukar lang tid på vurdering av eit sluttprodukt der eleven ikkje kan rette opp feil eller endre teksten sin. Når vi i dette prosjektet legg vekt på at læraren skal

kome med læringsfremjande vurdering undervegs, er det eit mål at læraren skal reflektere over og kanskje endre sin eigen vurderingspraksis.

Nynorsksenteret si rolle blir i første omgang å lyfte fram og stimulere til utprøving av relevante læringsressursar, særleg frå Skrivesenteret og Nynorsksenteret. Med utgangspunkt i teori om skrivning og respons ynskjer vi å vere til støtte for lærarane i prosessen. Vi vil skape refleksjon rundt læraren si rolle i heile skriveprosessen og kan kome med innspel til korleis skrivebestillingar kan formulerast for at føremålet med skrivinga skal bli tydeleg og korleis vurderinga er basert på læringsmål og kriterium.

Vi tenkjer oss eit aksjonsretta utvikingsarbeid der vi møter dei to lærarane både kvar for seg og på felles møte. I starten vil vi gjere oss kjende med lærarane sin praksisteori og gi innspel på oppgåvetypar og respons på elevtekst.

Framdriftsplan

I haustsemesteret:

- Felles møte med dei to lærarane der vi presenterer rammer og mål for prosjektet. Lærarane førebur refleksjonsnotat om kva tankar dei har om vurdering og respons på elevtekstar på nynorsk.
- Arbeid på eigen skule
- Respons frå rettleiarane på Nynorsksenteret
- Felles møte: erfaringsdeling
- Arbeid med oppgåveformulering
- Skulebesøk, seminar for lærarar

I vårsemesteret:

- Planlegging av ei intensiv skriveøkt i ulike fasar
- Gjennomføring av skriveoppgåva:
 - Lærer- og elevrespons med vekt på språk - i skrivefasen
 - Revideringsfase med vekt på språk
- Dokumentasjon av kva lærar og elev gjer i dei ulike fasane
- Didaktisk refleksjon og erfaringsdeling
- Innsamling av elevytringar

Relevante kompetansemål for skriveopplæringa i norsk

Skriftlig kommunikasjon:

- Skrive ulike typer tekster etter mønster av eksempeltekster og andre kilder
- Planlegge, utforme og bearbeide egne tekster manuelt og digitalt, og vurdere dem underveis i prosessen ved hjelp av kunnskap om språk og tekst
- Uttrykke seg med et variert ordforråd og mestre formverk, ortografi og tekstbinding

Språk, litteratur og kultur:

- Beherske grammatiske begreper til å sammenligne nynorsk og bokmål
- Beherske grammatiske begreper som beskriver hvordan språk er bygd opp
- Forklare bakgrunnen for at det er to likestilte norske målformer, og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag

Aktuell litteratur /ressursar

Normprosjektet: sideblikk på nynorskskrivarane

www.skrivesenteret.no//ressurser/kategorier/39/

<http://www.youtube.com/watch?v=cLbCtZeCMw8>

http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/BS-2-13_web_Kringstad_Kvithyld.pdf

http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/Trygve_Kvithyld_Arne_Johannes_Aasen1.pdf